

Skjortefonna eller skjortefodno?

22.07.2015



Slik er fonna i føremiddag

Ingenting er som ei god reprise og ei av dei mest ettertrakta reprisane er å slå fast kva den årleg tilbakevendande snøfonna på Mannen i Eikedalen heiter. For nokre år sidan var vi innom både Mannen i Manen og Dronninga i tillegg til Skjortefodno og Skjortefonna, men konklusjonen vart den lokale måten å skrive Skjortefonna på - altså SKJORTEFODNO. Er det framleis konklusjonen eller er det betre forslag?

Vi har ogaå høyrte både Skjortebrystet og Skjorteflakfonna.

Skrivemåten har i stor grad samanheng med kor i bygda fonna vert sett ifrå.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen